Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bjerkreim

Emne: no 3 | Bygdelag: Bare-bygdi

Oppskr. av: Torvald Austrumdal | Gard: Austrumdal

(adresse): Vikeså | G.nr. 22 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Det vanlege ord for brynje her i Bjerkreim er Kvadstein. I bygdedialekten Kvass-stein. Å utföra arbeidet med kvadsteinen er å kvedja. Ordet vert böygd slik: Kvedja — Kvet — Kvatte Kvatt. Hein er ein finare slag kvadstein

2) No for tidi vert det berre brüka Kunststein (Karborundum) For umlag 30 år sidan var det berre brüka naturstein, denne er ikkje å finna på staden, men vart kjöpt på „byen" Kor desse steinarne kom frå veit eg ikkje.

3) Alle reidskap, som skal bita, vert fyrst slipt på rund slipestein. For å få egget fint og kvasst lyt det kvedjast med ein kvadstein etterpå.

4) Ingen nolivande hugsar at det vart brukt tynnsleljåar når dei slog gras; men det er fortelnader um at ei gang slipte dei ikkje ljåarne. ~~bantta~~ når desse

vart utskjemde. For å få dei tynne i egget og kvasse att kaldbanka dei ljåen på eit lite ste. Når so ljåen var sett fast i orvet og skulde brukast, laut dei med kvassteinen retta egget upp so det beit gras. Eit "slikt lite tynnsle-ste hev me her på garden.

Når det so vert spurt um det kann slåast fast kva tid dei her i bygdi tok til å slipa ljåen, so vert svaret at det kann eg ikkje. Det hev vorte meg fortalt at umlag i 1840 åri var det på grannegarden „ein gamall raring" som ikkje vilde slå med slipte ljåar, men brukte tynnsleljåar, og det vart sagt at han „fekk dit godt te bida". Forskjellen på tynnsle-ljå og slipte ljå, er særleg den, at tynnsle-ljåen er av uherda stål. Stålet fekk ei slags herding av den intense kald-bankingi. Tynningi av ljåarne måtte dei nok utföra på kvar gard, men arbeidet var vanskelegt, og det var spurnad etter gode tynnara. På garden Vikesdal er det ein fjell-hammar strakst ovanum huset og under denne hammaren er det ein stor og god hedler som heiter Koparhed-leren. I denne hedleren, segjer segni, budde det i gamle dagar ein tusse, som var so flink smed. Når folki på garden vilde hava ljåarne tynnde so la dei ljåarne um kvelden under hedleren og sette ei sollskål attmed. Um mor-gonen kunde dei taka ljårne att og då var dei so fint tynnde at ingen kunde gjera det etter, men sollskåli var tom.

179

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 3

Um laurdagen måtte hussen, til lån for tynningi, hava „Kinnebede" med saup.

5) Ukjennt her i bygdi.

6) Det er ingen fast tid. Når ljåen hev vorte so „tjukk" at han ikkje bit lenger, lyt han slipast. Er slåtten „lausbert" d.v.s. er det myrlendt og lite eller ikkje stein, so kann ein slå lenge med ljåen fyre ein sliper. Er det derimot „vomm-kleidt" d.v.s. steinut og kanske sand i graset, då vert ljåen snart tjukk og må slipast strakst.

7) Er ikkje brukt i denne delen av bygdi.

8) Heri bygdi hev det altid vore slik at slåttaren berre hev eit orv. Når ljåen er utskjemd bind han denne av og sett fast ein nyslipt. Um kvelden er det vanlegt å slipa alle utskjemde-tjukke-ljåar. Denne slipingi hev, so langt til-bake nokon veit vorte gjordt paa vass-steinen burte i bekken. Når ljåen vert slipt held den som sliper altid egget mot seg.

9) Langorvet vert sett med den övre enden mot marki, so ljåen kjem so högt som umlag midt på brystet Kvetjingi tek til inne ved orvet. Han som kvet held kvadsteinen i den högre handi, den vinstre held han



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i ljåen. Han gnikar no med kvadsteinen skiftevis på båe sidor av egget. Den vinstre handi flytter seg no ūtetter ljåen og slydjer av mot kvadstein-brykket til dess ljåen er ūtkvett. d. v. s. kvetjengi hev nått ūt til odden.
Stuttorvet vert halde millom beini, ellers er kvedjingi lik.

10) Skǿlp med open o lyd, heiter bryne-koppen heri bygdi. Han er laga av tre og må vera vatstett, for kvadsteinen skal verta skyld rein for kvedjegrūt.



11) Det er ingi segn som fortel ūm dit

12) I skolpen er dit ein jarnkrok. Til vanleg skal den som slær hava ei levreim ūm livet-skolpareime-i denne hokkar han so skolpkroken so midt bak som råd. Hev dei ikkji skolpareim kann dei hokka kroken i bukselinningi.
13) Det besti er at både naturstein og kunststein vert skylde reine i skolpen, både i regnver og godver. framumalt i solskin. Dei som ingje hev skolp lyt ha kvadsteinen i lommå. Dette er både ringt og skjetne-samt
14)
Kvassteinsgrūt kallar ein anjǿlet som kjem av natursfein.

179
ETNOLOGISK GRANSKING

Det hev ikkje vorte nytta til nokon-
slags meddelin, so nokon veit av;
men i gamle dagar vart det nytta til
å swerta ler. Soleis kantarne av
halssolarne.
15-16-) Fell burt.
17) Ukjennt.

18) Det er sjeldan at tvo slåttara
feer fram same låten når dei kvet.
Dei som hev for vis å föra kvadsteinen
fram og attende på kvar sida feer fram
eit låt som hev vorte slik: „Kvede mödje-
tege lide". Den som gjer eit rakst
renn med brynet berre ei gong på
kvar sida feer til eit låt som lyder
slik: „Kvedja-kvasst, kvedja-kvasst"

Til slutt berre dette:
Dette å halda ljåen kvass, so
han bit graset godt er, eit arbeid
som ikkje alle slåttara klarer like
godt. Ja, me kann godt segja at
det å kvedja, bryna ein ljå på
rette måten er ein kunst. Um ein
slåttar som kann denne kunsten
vert det sagt at „han feer det godt te
bida". Og er so slåttaren god til å handsama
orvet med ljåen i, so heiter det: „Den karen
kann beida ein ljå". Han er ein god
slåttar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 179